

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 9

Desember 1984

38. årgang

«Og vi løfter våre hender...»



Frå Gospelkvelden i Dale kyrkja.

Gud bur i eit lys

*Gud bur i eit lys dit ingen kan gå.
Gud kan ingen sjå og ingen forstå.
Men Gud kjem oss nær han vil vera her,
så blir han eit barn som Maria ber.*

*Æra vere deg, å Gud, som er stor,
du som kjem til oss som vår vesle bror.
Ja, du som kjem oss nær, du vil vera her,
så blir du eit barn som Maria ber.*

(Etter M. Melin.)

*«Vi ønsker eder så glad en julefest.
Guds rikes glede, Guds fred i Jesus best.
Hos hver som greden vår Herre selv ver gjest!»*

Signa jul og nytt år!



*Me ynskjer lukka og signing
over livskvelden.*



Julebøn

Heilage Far, hjelp oss at ikkje gåvene tek plassen for Gåva.

Kva ville vel jula vera utan julegåver. Det ville ikkje vera nokon jul ville mange mine. Julegåver høyrer jula til. Her har me dei store og dyre, dei små og heimelagde. Gåver som gled store og små. Ja, sjølv dei turkeramma i Afrika ve ikkje gløymde. Men i den store gaveflaumen er det eigave som står i ein særstilling. Den aller fyrste julegåva, som er sjølve grunnlaget for våre julegåver. Gåva som Gud sjølv ga til oss menneske. "For så elskar Gud verda at han gav Son sin --" Kva ville jula vera utan denne gåva?

Hjelp oss at ikkje barna tek plassen for Barnet.

Kva er vel jul utan barn. Børna med dei mange store voner. Glade born i møte med juletreet og julesongane. Men jul er meir enn fest for borna. Julebodskapen taler om Barnet. "For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven."

Hjelp oss at ikkje ljosa tek plassen for Ljoset.

Ljosa høyrer og jula til. Adventsljosa vert tende eit for eit. Dei skaper stemning, fest og høgtid. Mørke må vike for ljoset. Men bakom alle juleljosa står han som seier: "Eg er ljoset i verda. Den som fylgjer meg, skal ikkje ferdast i mørkret"

Hjelp oss at ikkje bodberaren står i vegen for bodskapen.

Aldri vert det preika så mykje for så mange som i jula. Alle stader er det juleandaktar og på ulik vis freistar ein å levandegjera julebodskapen. Men det var å vona at innhalde i englebodskapen 'fekk hå fra'. Eg kjem med bod til dykk om ein stor glede som skal timast alt folket'.

Hjelp oss at ikkje orda må stå i vegen for Ordet.

Ja, orda er mange i jula, men han er ein hansom kallar seg Ordet i juleevangeliet etter Johannes: "Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss" men det står noko meir: Vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning".

Så er det vår von og vår bøn at ikkje gåvene, ljosa, borna og orda stengjer vegen for hans herlegdom, men opnar vegen inn til hans glede.

M. Steinnes

Ein som har vore ung svært lenge

Det hende seg etter konfirmantgudstenesta i Vaksdal 1983 at redaktøren i Vaksdalnytt ringde til "press(t)efotografen i Kyrkjebladet og undraast på konfirmantbiletet han hadde fått. Ein av konfirmantane såg ut til å vera noko eldre enn hine--. Og det var rett nok. For mellom konfirmantane stod og oldefar til årskonfirmanten Rune, - Andreas O. Sæterdal f. 8.12.1884! Og om det var råd å sjå at han var i eldste laget, skulle ingen tru at det var ein 98-åring som stod der.



For tjue år sidan heitte det i ein pop-song: "Jeg kjenner en gammel mann, en som har levet lenge" (!). - No er det vel slik at dei fleste gamle har levt lenge. På hi sida møter me i dag ikkje so få gamle som ikkje har levt særleg lenge--. Slike for tidleg gamle på 15-20-30 år er det trist å møta. Men so har me ikkje so få som har vore unge lenge. Og Andreas O. er ein som har vore ung svært, svært lenge! Kyrkjebladet har vore på ein press(t)ekonferanse hjå han, og på ein måte kjenner han seg ung og sterkt framleis: "Når eg ligg i senget kjenner eg meg so sterkt at eg kunne greia KVA SOM HELST!" seier han. Men legg vemonig til: "Når eg kjem meg fram på golvet kjenner eg at eg må helst passa meg---"



Korleis synest livet når han ser attover? - Det har gått utruleg godt med meg og mine. No er eg vorten tippoldefar, og ingen av mine har mist nokon av sine. - Men det er unaturleg å leva so lenge. Det er utruleg at eg har kunna greia alt. Men kona var flink og streksam, og ville ha alt gjort i rette tid. Utan henne hadde det nok ikkje gått so vel. "Du er då mest aldri heime,mann!" sa ein til meg. Og det var sant nok.

- Andreas fortalte mykje om alt han hadde vore med på til Vaksdalnytt i 1981, då bygdeboka kom, og me skal ikkje ta det oppatt. Men han minnest framleis godt då han heldt på å setja livet til etter ei vådeskotulukka i 1907. På Voss hadde dokterane stått ved senga hans og snakka om han, utan at han skjøna kva dei sa. Men ei sjuke-syster fortalte: "Dei sa at du kunne liggja til du ikkje var meir" Men han kom seg att, og det var mykje mor hans å takka. Og sidan har han stort sett vore frisk. Einast at han fekk magesår i 1943, og det var ikkje uventa, med alle sutene han då hadde. Som formann i jordstyret hadde han tilsyn med matproduksjonen, og sytte m.a. for

at to mål på gamle idrottsplassen vart oppløgde, slik at tjue jordlau-se fekk seg potetåker der. Ja til og med hestehandlar måtte han vera. For den tyske Wehrmacht hadde lagt på heradet å levera tre hestar, og Andreas fekk den sure jobben å få tak i dei. Om han pressa ordføraren til å gå med på å betala 5000 kr for kvar, var det ikkje alle som var blide når dei laut selja.

Men første minnet har Andreas frå han skulle ta til på skulen. Mor hadde kjøpt tøy og sydd ny bluse. Første året gjekk dei saman med dei eldste, som gjekk for presten. For skulevegen frå Boge og Skreia var farleg vinters tid, og då skulle dei eldste ha tilsyn med førtreklassingane. Og to av dei store for slik åt at han fekk seg ein støkk i livet første skuledagen: "Du veit dei nedste vindaugerutene var kvitmåla, so me ikkje skulle sjå ut. Men to store gutar hadde skrapa hol, og såg ut, slik at dei ikkje fylgte med. Då fann lærar Boge fram det store riset. So måtte dei leggja hendene på pulten, og fekk seg ein omgang. Då gret eg av redsla!" Men elles gjekk det godt. Einast ein gong då han og Margretha Larsen ikkje kunne leksa, måtte dei sitja att og pugga.

Siste skuledagen dei hadde Boge, delte han ut ymse småting til elevane. Men då tykte dei at altfor mykje gjekk til ungane frå Boge!

Av menneske han minnest nemner han Brita Grimstad. Ho var oppvachsen i Mellesdal. Då ho hadde vanskar med å få godkjent ein gard-handel, for ho til Stockholm og fekk hjelp hjå kong Oscar 2. "Ja, ho var ei fæla fenta!", ler Andreas.

Elles hugsar han ymse talarar. Som då Armaur Hansen, som oppdaga leprabasillen var på det gamle Valkyrien forsamlingshus, og tala om helsespørsmål. Då sa han mellom anna - "hvis man overhode må spytte". På den tid var det minst 15 spyttebakkar på Mølla! humrar Andreas.

Kring 1919 hadde styrar Rimareid frå Ulfsnesøy vore til Israel, og kom og fortalte forvitneleg frå Det heilage landet. Og han hugsar godt eit møte ved Ole Hallesby kring 1925. Han var so lett å skjøna: "Det var so tilrettelagt at det minste barn kunne skjøna kva han sa."

-Har du eit ord til dei unge?
-Ja, eg tenker ofte på det fjerde bodet. Det er ein lovnad knytt til det som ikkje finst andre stader.

-Og korleis kjennest det å fylla hundre år?
-Det er utruleg at eg har vorte so gamal. Men eg gler meg til 100-årsdagen. Det skal bli gildt å få slekt og vene på vitjing. Men elles har eg forlete alt her nede. Dei seier eg må sjå dette og hitt. Men eg bryr meg ikkje om alt som hender i dag.



-Kva les du helst no då?
Min kjæraste lesnad er ei bønebok av Fredrik Wisløff.

-Og korleis er det å vita at livet her snart kan vera slutt?
-Det er ingenting som hefter meg her. Eg skal få leva og døy i den salige tru på alt. Han har gjort.



Når Han kjem, vonar eg Han vil hugsa på meg, seier Andreas---.
Og det tykkjест med eitt som om hundreåringen er langt borte frå stova me set i---

PER.S.



MAGNE OG HUSLYD REISER
Som kjent er Magne Olav Steinnes utnemnd til sokneprest i Tasta i Stavanger. Han har siste gudsstenesta på Dale 3.2., og skal overta i Tasta 15.2. Sokneprest Fjose vil vera vikar, og fungera som res. kap.

DØYPE

DALE

02.09 Dan Soltvedt
21.10 Turid Boge

11.11 Knut Ove Grenasberg
Rødland



STAMNES

04.11 Jorunn Alice Gammersvik
04.11 Mona Kristin Toskedal
25.11 Tom Harald Eilertsen
Tor Magne Ulevik

VAKSDAL:

21.10. Steinar André Audestad
Kristine Faugstad

4.11. Stine Njåstad

18.11. Glenn André Birkeland
Alexander Lysvold Dahl
Gunnveig Toft.

V I G D E


DALE

06.10 Bente Risnes og
Ståle Nesse



AVLIDNE

DALE



12.10 Sigrid Stanghelle
23.10 Margit A. Vaksdal
07.11 Stein Ove Mo
17.11 Emma Gilje Dale

VAKSDAL

12.10. Alfild Marie Vaksdal
f. 1910.

Frå kyrkjebøkene

Grip sjansen til å vera med i ei samtalegruppa!

underveis

Programserien "UNDERVEIS"- "PÅ VEG" som kjem i TV og med innslag i radio i januar-mars 1985 kan gje deg ei ny oppleving: Samtalar om kristne spørsmål i smågrupper, saman med slekt, vener, grannar, arbeidskameratar osv.

I serien vert desse emna tekne opp: Eg trur på Gud. Han går ved sida mi. (Kven er Jesus? Me er saman -på veg. Framtid, liv og død. Ansvar og von. (Ansvar og håp.) -Om samanhengen mellom tru og livsførsla.-

Dei som vil, kan laga studiegrupper, med fast opplegg og bruka grunnboka "Kristen tru i dag." og anna lærestoff. Her er ei oppgåva for sokneråda å leggja tilrette.

Fjernsyn og Radio Januar-Mars 1985

Misionens år i Bjørgvin 1984-85

Postgiro: 4 13 44 82
Bankgiro: 8401. 21. 38252



DEN NORSKE ISRAELSMISJON
Prosjekt: "Håpets tjeneste."
Arbeid blant jøder
i New York.
Aksjonsmål: Kr. 100.000,-

I TV	REPRISE:
ONSDAG	LAURDAG
kl.20.05	kl.10.05
30.1.	2.2.
13.2.	16.2.
27.2.	2.3.
13.3.	16.3.
27.3.	30.3.

RADIO: 13.2. kl. 20.40 Telefonpr.
14.3. Reportasjesending

Men dei som tykkjer det vert for le, kan berre samlast i grupper utan serleg opplegg for å oppleva programma saman, og snakka om dei etterpå.

Dei som har onsdag til møtekveld, bør tenkja over om dei skal byta kveld desse onsdagane, -eller endå betre-ta programma med i møteopplegg!

Dei som vil arbeida meir med dette, kan venda seg til sokneråda eller prestane.
Lukka til!

Vedtaket om å starte opp misjonsarbeid i New York vart fatta av Landsstyret i DNI i 1983.

I New York-området bur det over 3 mill. jødar. I tillegg bur det omlag ½ mill. jødar i området kring byen.

Ved siden av å drive evangeliseringsarbeid mellom jødane i New York, skal leiaren av prosjektet, pastor James Hanson søkje kontakt og samarbeide med dei lutherske kyrkjelydane i området, for å oppmuntre dei til aktiv misjon blant jødane. I løpet av ein treårsbok skal arbeidet i New York vere sjølvfinansierande ved at kyrkjelydane i området gjev støtte til arbeidet. Håpets tjeneste er ei stor utfordring for Den Norske Israelsmisjon. Her kan ein nå jødane med evangeliet, samstundes som dei lutherske kristne kan vekkja til misjonsansvar blant jødane - både i U.S.A. og i Israel.

Fireåringar som fekk mi kyrkjebok i haust



I VAKSDAL



STAMNES



BERGSDALEN



OG EIDLSDAL

Stor gospelkveld i Dale kyrkja 2. november



Kjell Grønner

("Gospel" er opphavleg gamalnorsk, Guds spjall som tyder Guds tale,-dvs. Evangelium!)

Orkesteret: Trude Kallestad, Nils Kåre Tolås og brørne Svein Bjørn og Norodd Dyrhovden.



Fire ungdomskor var samla til gospelkvelden: Fides frå Vaksdal, Ten Sing, Dale, Stamnes Ungdomskor,-og so det nye koret, "Key", -nøkkel. Dette koret er samansett av folk frå alle dei tre andre. Det er for dei som vil leggja litt meir arbeid på øving av nytt stoff. Leiarar er "ein mann med godt humør", -bussjåfør Norodd Dyrhovden frå Matre, som no bur på Eidslandet, og kyrkjelydseleven Hilde Karin Risan frå Finnås.

Gjester denne kvelden var fengselsprest Kjell Grønner og to av dei unge kristne frå Ulfsnesøy. Og Kjell var som vanleg "fengslande" med frisk song, leiing og vitnemål om Guds gode handtrykk til oss. Og fengslande var det å høyra dei sterke vitnemåla frå dei to tidlegare narkomane om den frigjering dei hadde fått oppleva i fengslet. Og til slutt fekk me oppleva at kyrkje-Lyden i Dale kyrkja var tett saman,- som biletet på framsida syner, medan me song "Hellig, hellig", -"og vi løfter våre hender som et tegn på kjærighet", - og mange ulike slag teikn på kristen kjærleik, og nærleik, treng me i kyrkje-lydane våre!



Per vitnar om si glade tri



Hilde Karin



Nyekoret "Key" (utt. Ki) syng. No har dei fått mange fleire med, og 23.-25 nov. var dei på øvingshelg hjå Norodd og Svein Bjørn på Matre i Masfjorden. Ei storveges helg!

Presten hadde noko gamalt vedskrot han ville brenna opp. Han prøvde seg i vår, fekk det til å brenna litt her og der, før det slokna med sur røyk. I haust prøvde han til att, i sur-ver og regn. Men no la han all' veden tett saman. Og midt i laga han ein sterk eld av papir med sprit i. (Sprit er forkorting av spiritus, som tyder Ande!) Og da brann det, rått og rote. Våte pallar frå Mølla, og halvrotne røter! ---- T ENK DEG OM, PREST! sa bålet. Korleist kan det fata i vedpinnane i kyrkjelydane når dei er so spreidde som du ofte ser dei i kyrkjer, bedehus og elles, -langt frå kvarandre på flere måtar, om dei er aldri so turre---?

Dei må koma nærare saman, og tennast av ord med sprit i. Ventar du at det skal fata dersom det berre osar og lagar sur røyk i kristenflokkene? Dette, og meir til sa bålet til presten. Var det kristen tale, tru? Og kva seier bålet til deg? DET VAR EIN SOM SA: PÅ DET SKAL ALLE SKJØNA AT DE ER MINE LÆRESVEINAR: AT DE HAR KJÆRLEIK INNBYRDES: Joh. 13.35.



Det kan vera hardt for ein prest å koma frå ei konfirmanthelg, som den me hadde på Fagertun 9.-11.nov., -med personleg kontakt og nærleik i kristen samanheng, -endå om mange av konfirmantane ikkje vil vedkjenna seg som kristne, og til stor, fin kyrkja, der folk set spreidde langt frå kvarandre, som pinnar slengde utover ei mark----



Turid Steinnes i velkjend stil som leiar og inspirator for dei unge i Vaksdal.



Barnelaget «Solglimit»

samlast i prestebustaden på Vaksdal. Her ser me leiarane, Kari Eilifsen, Torgunn Knudsen og Ruth Fossberg saman med nokre av borna. Dei driv og lagar ting til basaren dei brukar å ha på 2.sundag i advent. Og dessutan øver dei på songprogrammet dei skal ha på eldretreffet på Sjukeheimen 5.desember.

Tora Synnøve og Magne Raundalen på våre heimar: mange unge ser svart på framtida. dei treng framtids-von!

Kring 40 hadde funne vegen til Velferden på Vaksdal Mølle den 23.okt. Det var Vaksdal sokneråd, ved IKO-nemnda som baud inn til møte i "Våre Heimar". Kvelden tok til i stor stil, med kenyansk songarinna og japansk pianist som framførde negro spirituals utifrå fint og gripande. Så kunne Per Nordmark gje ordet til ekteparet Raundalen. I fint samspel fortalte dei om ei undersøking om korleis ungdom ser på framtida. Dei bygde på svar fra kring 2000 unge i alderen 12-19 år, og av dei 93 frå Vaksdal herad.

Dessutan hjelper det om foreldra gjer noko for å Lindra naud osv. Og likeeins om dei sjølve er med.

I dag er massemedia altfor opptekne av å syna fram naud, ulukker, krigshendingar og liknande. Men dei forsømer ofte å syna det som vert gjort for å byggja opp att etter krig og ulukker, -og legg ikkje nok vinn på å fortelja om alt det gode som vert vert gjort.



Det syner seg at svært mange unge ser mørkt på framtida. Dei oftast atombomba og ureining av hav og luft, og arbeidsløysa m.a.

Kva hjelp kan me gje dei? -Dei treng nokon å dela angst med. Det synter seg under bombinga av London under krigen at born som hadde vore på landet, borte frå krigen, hadde teke skade av at dei var borte frå foreldra. Men born som hadde opplevt bombinga saman med foreldra, hadde ikkje teke skade.

Det er viktig at born har nokon å snakka med om det dei er redda for, nokon som vil høyra og dela.



Me må ta til med oss sjølve. Og me må ha framtidsvon sjølve. Det kan hjelpe å høyra på born, og sjå på deira livsgleda, sa Magne Raundalen. "Så lenge det finns ungar finns det hopp" siterte han. Og nett med det same høyrdet me baby-lydar frå vesle Liv Nordmark, som til dess hadde lege helt stille i bag'en sin!

Seinare var det mat og prat, og fleire nytta høvet til å spørja og elles bera fram si mening. Kor vellukka kvelden var er ikke avgjort enno. Det spørst kva me vil gjera med det me høyrdet!



hvordan ble den kristne julefest til?

Av rektor Olav Skjevesland

Det er merkelig å tenke på at vår mest folkekjære og tradisjonsbundne kirkefest – julen – var totalt ukjent for de kristne i de to–tre første århundrer av vår tidsregning. Den 25. desember var ingen kristen høytid dengang, men dato-en for en solfest i det hedenske Romerriket.

Jesu fødselsdato – kjenner vi den?

Evangeliene har ingen opplysninger som kan gi oss presist svar på det spørsmålet. Når juleevangeliet nevner hyrdene som var ute på marken, kan det være et hint om at Jesu fødsel må ha skjedd i tidsrommet mars–november. I denne perioden beitet nemlig dyrene ute.

Ellers kan vi i gamle kilder lese om flere forsøk på å beregne Jesu fødselsdag. I et skrift fra 243 e. Kr. antydes det f.eks. at Jesus ble født 28. mars. Hvorfor? Jo, man tok utgangspunkt i 1. Mos. bok 1. Her leste man at skapelsen skilte lys og mørke i to – og det ble utlagt slik: i to like store deler. Altstå, tenkte man, verdens skapelse skjedde et døgn hvor dag og natt var like lange. Nå var vårjevndøgnet i den romerske kalender 25. mars. Og etter skapelsesfortellingen skapte Gud solen på den 4. dag. Dette kombinerte man på underlig vis med omtalen av «rettferdighetens sol» hos profeten Malaki kap. 4,2. I kristen tydning måtte denne «rettferdighetenes sol» selvfølgelig være Kristus! Derfor tellet man fire dager fremover fra den 25. mars, og kom til at Jesu fødselsdag måtte være 28. mars!

Det er også andre kilder som omtaler at Jesus ble født om våren. Men når sant skal sies: Vi kjenner ikke Jesu fødselsdag. Alle de forsøk som er gjort på å beregne den, bygger på antagelser og vilkårlige kombinasjoner. Men så har da selve dato-en heller ikke avgjørende betydning!



Festen 6. januar

Uvissheten om Jesu fødselsdag viser at det ikke er selve *datoen* som er saken, men *den teologiske tanke* som ligger til grunn for Kristi fødselsfest: Gud har steget ned til jorden! Gud er kommet nær i sin Sønn!

For de første generasjoner av kristne synes det ikke å ha vært behov for å feire Jesu fødsel. Hans død og oppstandelse – altstå påskens – var hovedsaken alt dreide seg om. Kirkefaderen Origenes kunne endog si at det er hedensk å feire fødselsdag! I Bibelen er det bare Farao og Herodes som har slått seg på slikt!

Men i lengden kunne ikke en slik tankegang holde stand. Jesu fødsel var jo noe helt enestående. Naturlig begynte tankene å søke bakover. Hvordan var tid og omstendigheter rundt Frelserens fødsel? Særlig i Østkirken ble inkarnasjonen – Guds komme i kjød – lovprist som et himmelsk mysterium på jord.

– Hvordan manifesterte så Guds komme seg til verden? Jo, ved Jesu dåp! svarte de kjetterske sekter i kirkens ytterkant. Da himmelrøsten lød ved dåpen: «Dette er min Sønn, den elskede, som jeg har behag i» (Matt 3,17), la Gud så å si beslag på Jesus av Nasaret. Fra da av var Jesus Guds spesielle representant på jorden.

UTGITT AV
MENIGHETSFAGKULTETET

LYS OG LIV

Men dette syn var ikke storkirkens. Kirkens lære om Kristus er at han er Gud fra fødselen av, ja, fra evighet av – og ikke Guds «adopterte» sønn fra Jordan-dåpen av!

Likefullt: Minnet om Jesu dåp ble holdt sterkt i hevd. I det 2. århundre ble det feiret en fest til minne om Jesu dåp den 6. (dels 10.) januar. Gnostikerne hevdet med styrke at Jesu spesielle «guddommelighet» kom til syne ved dåpen. Dåpen var selve gjennom-bruddet, det underfulles tilsynekomst. Men selve fødselen var altså ennå ikke gjenstand for feiring. Likevel ligger, som vi skal se, en viktig kime til Jesu fødselsfest nettopp i denne konsentrasjon om Jesu dåp.

Hvorfor ble 6. januar en slik festdag? Jo, denne dato var også tidspunkt for flere hedenske fester. Bl.a. skulle Nilens vann ha en særlig kraft denne dag. Man berammer så å si en kirkelig fest på en «hedensk» dato for å fylle den med nytt innhold. Hedenskapet skal overbys!

For utviklingen mot en kristen julefest på 25. desember, blir det nå viktig at dåpsfesten 6. januar, som var sentral i de gnostiske grupper, trengte seg inn på storkirken. Men fordi man her hadde en annen lære om Kristus, begynte oppmerksomheten å flytte seg fra *dåpsfeiringen til fødselsfeiringen*.

I førstningen oppsto det riktignok en kombinasjon av dåps- og fødselsfest (Epifania). Natten til 6. januar ble viet Jesu fødsel, selve dagen knyttet an til dåpen.

Fra Syria er det kjent at ved denne fest ble kranser hengt opp på hvert hus. Et interessant apropos til vårt juletre! Festen ble feiret med store og rike liturgier: «Natten er der, natten som ga hele verden fred. Hvem kan sove i denne natt, når hele Altet er våken?» (Efraim Syr).

Lyset spilte en viktig rolle som symbol: «Lyset skinner i mørket» (Joh 1).

Utspringet til hele vår julefeiring i kirken ligger i denne gamle fest på den 6. januar.

Ut av den store krans av festmotiv fødtes på denne dagen den kristne jul. Selv dato-plasseringen av julefesten synes aldri å ha vært noen hovedsak i kirken. Derfor var man også i Oldkirken



åpen for eventuell flytting av tidspunkt. Tanken om at Jesu enestående fødsel måtte feires, var hovedsaken.

Festen 25. desember

Hvordan gikk så til at julefesten til sist havnet på 25. desember? År 336 i Rom skal visstnok være den første gang julefesten ble feiret denne dato. Hva lå bak?

(1). Noen hadde allerede gjennom underlige beregninger hevdet at 25. desember måtte være Jesu fødselsdato. Sml. den type beregningskunst som ble nevnt ovenfor!

(2). Viktigere var de teologiske årsaker. Kirkemøtet i Nikea hadde læremessig stadfestet at Jesus var Guds sønn fra fødselen av, og ikke fra dåpen. Altstå måtte det skapes en *selvstendig fødselsfest*! Kjetterne hadde jo nettopp tatt sitt utgangspunkt i Jesu dåp.

(3). Hva så angikk den konkrete dato, hadde Mitra-religionen, som sto sterkt i Romerriket dengang, en dyrkelse av solen 25. desember. Datoen representerer jo et vendepunkt i naturlivet. Fra da ble dagene lyse-re. Denne idé kunne gis en kristen utforming: Jesus er verdens lys! De romerske kristne ønsket å fortrenge hedenskapet ved å forkynne Kristus som lytes bærer i tilværelsen: «Men for dere som frykter mitt navn, skal rettferds sol renne» (Mal 4,2).

Det som drev frem denne fest, var teologiske motiver og overveieler om Gud-menneskets komme til verden. Som kirkefest fikk denne rang etter påsken.

Valget av dato synes i stor grad å være betinget av allerede eksisterende hedenske fester, som kirken ønsket å beseire – innenfra. Dette historiske forhold er interessant, for det forklarer at julefesten opp gjennom hele kirkens historie har måttet kjempe en kamp mot hedenske elementer og innslag. Og den kampen pågår visst ennå –!

Vi skjønner etter dette at det ligger en spennende og lang utvikling bak vår julefest i kirken.

Kjennskap til denne kan være en interessant bakgrunn for vår egen julefeiring. Selve *julens mysterium* kan ingen forstå. Det kan vi bare takke og loprise Gud for.

FORVENTNINGER

Vi har stilt fire av høstens elever følgende spørsmål:

1. Hvorfor søkte du Hald?

2. Hvilke forventninger har du til dette skoleåret?

De fire er:

Åse Stamnes (19) fra Stammeshella i Hordaland, Peter Holskar (22) fra Treungen i Telemark, Inger Nikolaisen (21) fra Brøstadbotn i Troms og John Kåre Vederhus (24) fra Raudeberg i Nordfjord. (Me tek berre med det Åse svara. Red.)

Åse: 1) Eg søkte på Hald fordi eg trengte meir kunnskap om HAN som eg trur på. Eg følte det slik at solid bibelkunnskap og praktisk evangelisering kunne vera noko for meg, og då var jo Hald midt i blinken.

2) Eg håpar å kunna modnast både menneskeleg og åndeleg. Mitt ynskje er å kunna læra å leva som ein disipel av Jesus, og eg trur at dette skoleåret kan hjelpe meg fleire steg framover på den vegen.



De fire som røper sine forventninger, er nevnt forfra: John Kåre, Åse (t.v.), Inger og Peter. De tre bakerste utgjør også elevrådet i høst.

(Foto: Øystein Gunnerson)

HALD - NYTT

Nyhetsbrev fra Lagets Bibel- og Evangeliseringssenter, Hald Pensjonat, 4500 Mandal.

Igjen skal budskapet lyde: «Ordet ble menneske og tok bolig iblant oss» (Joh. 1,14).

(4). I Keiser Konstantins religionspolitikk lå det nok også en interesse i å forene en hedensk lysfest med en kristen fødselsfest for Jesus. Det er ikke usannsynlig at han som innførte søndag som hviledag i hele riket, også hadde en finger med i spillet da 25. desember ble innført som Jesu fødselsfest.

Til slutt

Vår lille artikkel har vist at vi med Jesu fødselsfest ikke feirer en korrekt dato, men en frelseshistorisk kjennsgjerning: Gud har gått inn i historien for å frelse menneskeslekten ved sin Sønn, Jesus Kristus.

VELKOMEN TIL KYRKJE

<u>DALE</u>	<u>STAMNES</u>
<u>Desember</u>	<u>Desember</u>
9. <u>2.s.i adv. kl.17.00</u> Lysmesse.Sp.Steinnes.Kyrkjekyss.	9. <u>2.s.i advent kl.11.00</u> Rk.Sønnesyn.Nattverd.Offer.Kyrkjekyss.
16. <u>3.s.i adv. kl.19.00</u> Julekonsert.Sp.Steinnes.K.skyss.	15. <u>Laurdag kl.18.00</u> Lysmesse/konsert.Rk.Sønnesyn.
24. <u>Julaftan kl.15.00 og 16.00</u> Fam.gudst.v/Sp.Steinnes. Offer.Kyrkjekyss til 1.gudst..	24. <u>Julaftan kl. 14.00</u> Fam.gudst. v/Rk.Sønnesyn.
25. <u>1.Juledag kl.11.00</u> Høgtidsgudst.v/Sp.Steinnes. Dale Mannskor.Offer.	26. <u>1.Juledag kl.11.00</u> Høgtidsgudst.v/Sp.Steinnes. Offer.Kyrkjekyss.
31. <u>Nyårsaften kl.23.15</u> Midnattsgudst.v/Sp.Steinnes.	Januar 1. <u>Nyårsdag kl.11.00</u> Rk.Sønnesyn.Nattverd,Kyrkjekyss.
<u>Januar</u>	20. <u>2.s.e.Kristi åpenbaring kl.11.00</u> Avskilsgudsteneste Sp.Steinnes. Bornas misjonsdag.
<u>Februar</u>	<u>EIDSLAND</u>
3. <u>Vingårdssundag kl.11.00</u> Avskilsgudst.v/Sp.Steinnes.	<u>Desember</u> 23. <u>4.s. i advent kl.17.00</u> Lysmesse/konsert.
<u>VAKSDAL</u>	<u>30. Sundag etter jul kl.11.00</u> Rk.Sønnesyn.Offer.
<u>Desember</u>	<u>Januar</u> 13. <u>1.s.e.Kristi åpenbaring kl. 11.00</u> Avskilsgudst.Sp.Steinnes.Nattverd.
9. <u>2.s.i adv. kl.11.00</u> Sp.Steinnes.Nattverd.Offer.	<u>EKSINGEDELEN</u>
16. <u>3.s.i adv. kl.18.00</u> Julekonsert.Sp.Steinnes.	<u>Desember</u> 8. <u>Laurdag kl.16.00</u> Lysmesse/konsert.Rk.Sønnesyn.
23. <u>4.s.i adv. Sandvik grenadahus</u> kl.11.00.R.k.Sønnesyn.	26. <u>2.juledag kl.16.00</u> Sp.Steinnes.Offer.
24. <u>Julaftan kl.16.00 Fam.gudst.</u> Rk.Sønnesyn,Offer.	<u>Januar</u> 6. <u>Kristi åpenbaringsdag kl.11.00</u> Avskilsgudsteneste Sp.Steinnes.
25. <u>1.Juledag kl.11.00.Høgtidsgudst.</u> Rk.Sønnesyn.Offer.	<u>BERGSDALEN</u>
31. <u>Nyårsaften kl.23.15</u> Midnattsgudst.v/Rk.Sønnesyn.	<u>Desember</u> 15. <u>Lysmesse/konsert kl.16.00</u>
<u>Januar</u>	26. <u>2.juledag kl.11.00</u> Høgtidsgudst. Rk.Sønnesyn.Offer.
6. <u>Kristi åpenbaringsdag kl.11.00</u> Misjonsgudst.Misj.prest.Kaldhol.	<u>Januar</u> 1. <u>Nyårsdag kl.11.00</u> .Avskilsgudst. Sp.Steinnes.Nattverd.
27. <u>3.s.e.Kr.åp.dag.kl.18.00</u> Avskilsgudst.Sp.Steinnes.Nattverd.	27. <u>3.s.e.Kristi åpenbaring kl.11.00</u> Bornas misjonsdag.Rk.Sønnesyn.
<u>NESHEIM</u>	<u>Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld</u>
<u>Desember</u>	
24. <u>Julaftan kl.11.00 Familiegudst.</u> Rk.Sønnesyn.Offer.	Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medabediarar: Skrivarane i sokneråda. Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73. bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal. Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.
<u>Januar</u>	
27. <u>3.s.e.Kr.åp.dag kl.11.30</u> Avskilsgudst.Sp.Steinnes. Bornas misjonsdag.	Ekspedisjon og trykk og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.

ELIAS BLIX SKREIV DENNE SALMEN ETTER EIT MINNE FRÅ GUTE-DAGANE. JULEDAG 1847 VAR DEI PÅ KYRKJEFERD TIL GILDESKÅL KYRKJA. BRÅTT KOM STORM OG SNØ-KAVE PÅ DEI SLIK AT DET STOD OM LIVET. MEN MED EITT LJOMA KYRKJEKLOKKENE OG HIMMELEN KLÄRNA - "SÅLT DET DAGNA" - OG DEI BERGA SEG I HAMN. NÅR ME VEIT DETTE, VERT SALMEN ENDÅ MEIR MEININGS-FULL.

Gudstenester i Vaksdal

1. halvår 1985

MND	DAG	NAMN	ST. HELLE	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSLAND	EKSINGEDELEN	· NESHEIM	BERGSDALEN
Jan.	1.	Nyår			Søn					St Avsk.n
"	6.	Kr.åp.		St k Misj.	Sø Misj.			St Avsk.		
"	13.	1.s.e.		Søn			St Avsk.Misj.			
"	20.	2.s.e.								
"	27.	3.s.e.			St.k.Avsk.n				St.Avs/Misj.	Sø Misj.
Febr.	3.	Vingård		St Avsk			Sø Misj			
"	10.	Såmann				Fj.n		Søn		
"	17.	S.f.faste Fj.Fam			Søn				Fj n	Søn
"	24.	1.s.i f.		Søn						
Mars	3.	2.s.if		Søk						
"	10.	3.s.if		Mol.		Fj	Sø Fam	Fj		
"	17.	4.s.if								
"	24.	Mariab.		Fj Fam	Sø Fam				Mol. Fam	Sø Sport
"	31.	Palmes.		Søn						Fj n
April	4.	Skjært.		Fj n						
"	5.	Langf. Fj.k						Søn		
"	7.	1.på.		Fj	Sø				Gudst.	Gudst.
"	8.	2.på.				Fj n	Søn			
"	14.	1.s.e.på							Søn	
"	21.	2.s.e.på		Fj n	Gudst.	Gudst.	Gudst.			
"	28.	3.s.e.på	Sø Famk.					Fj n		Søn
Mai	1.		Sø	Fj						
"	5.	4.s.e.på		Fj Konf.	Sø Konf.					
"	12.	5.s.e.på				Sø Konf.	Fj Konf			
"	16.	Kr.him.				Stemme				
"	17.	mai		Fj Fam	Sø Fam	Sø Fam	Fj Fam			
"	19.	6.s.e.nå							Søn	Fj
"	26.	1.pinsed.		Søn		Fj n				
"	27.	2.pinsed.			Søn					
Juni	2.	1.s.e.pi.						Sø Konf		Fj Konf
"	9.	2.s.e.pi.		Fj	Sø	Sø	Fj			
"	16.	3.s.e.pi.								

St	Steinnes	K	Kveldsgudsteneste	Avsk	Avskilsgudsteneste
Sø	Sønnesyn	n	Nattverd	Konf	Konfirmasjonsgudsteneste
Fj	Fjose	Fam	Familiegudsteneste	17/3 - 31/3	Innsamling av fastebøsser
Mol	Molde	Misj	Barnas misjonsdag	21/4 -	Kretsmøte søndagskulen
				16/5 -	Stemne på Vassbakken

Til dåpsforeldre: Det høver best med dåp når det ikkje er nattverd.

Kling no, klokka, / ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa, / kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka o. s. b.

Songar sæle, / englemæle,
englemæle med livsæl ljud!
Far gjennom grender,
strøym over strender, |
strøym over strender som tonefod!
Songar sæle o. s. b.

Englar kveda: / Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!
Ljoset er runne, / livet er vunne,
livet er vunne: ein frelsar send.
Englar kveda o. s. b.

Høge fagnad, / sålt det dagna,
sålt det dagna, og ljoset rann!
Von over verdi, / ljos over ferdi,
ljos over ferdi til livsens land.
Høge fagnad o. s. b.

Sjå, det dagast, / snart det lagast,
snart det lagast til hegtid ny!
Då skal oss klokka / leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast o. s. b.

Kling no klokka!

